

Åpning av det 141. Storting

President: K i r s t i K o l l e G r ø n d a h l

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen og Hennes Majestet Dronningen seg *onsdag den 2. oktober kl. 13* i stortingssalen, ledsgaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Hans Majestet Kongens tale til det 141. Storting ved dets åpning:

Ærede President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortingen velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den må bli til gavn for fedrelandet.

Regjeringens mål er en bærekraftig utvikling med trygghet og rettferdighet for den enkelte, med arbeid for alle og økt livskvalitet. Vi skal verne om Norges sikkerhet som nasjon, og bidra til at verdens land og regioner samarbeider til felles beste.

Dagens behov skal møtes uten at vi forringer framtidige generasjons muligheter. Med dette for øye vil Regjeringen føre en forsvarlig og langsiktig økonomisk politikk og miljøpolitikk.

Den økonomiske situasjonen er nå preget av sterk stigning i produksjon, etterspørsel og sysselsetting, samtidig som ledigheten går ned. For å unngå ny inflasjon, svekket konkurranseevne og høye renter må veksten i statsbudsjettets utgifter begrenses. Innenfor forsvarlige rammer vil særlig utdanning og helse bli prioritert. Det er nødvendig å videreføre det inntektpolitiske samarbeidet med partene i arbeidslivet.

Det er en særlig utfordring å sørge for at den sterke økningen i petroleumsinntektene vi nå ser, ikke forbrukes, men går til å bygge opp reserver i Statens petroleumsfond. Det bevarer handlefriheten i nedgangstider, og de store pensjons- og velferdsutgiftene som kommer ut over i det neste århundret, kan møtes.

Den nye informasjonsteknologien endrer viktige forutsetninger for menneskelig samhandling og informasjonsutveksling. Den styrker internasjonaliseringen og påvirker sysselsettingen. Regjeringen vil arbeide for at denne teknologien kommer hele samfunnet til nytte.

Regjeringen legger stor vekt på arbeidet for å verne og fremme demokrati, menneskerettigheter og rettsstatsprinsipper nasjonalt og internasjonalt. Reform og styrking av FNs arbeid for fred, miljø og utvikling vil stå sentralt i Norges samlede internasjonale engasjement.

Det transatlantiske og europeiske samarbeid vil være av særlig betydning for arbeidet med den framtidige sikkerhetsløsning for Europa. Russland må ikke isoleres i denne prosessen.

Norge deltar aktivt i fredsoperasjoner i regi av FN og NATO. Arbeidet med å omorganisere Forsvaret med sikte på en moderne struktur fortsetter.

Norsk utviklingshjelp og nødhjelp blir opprettholdt på et høyt nivå. Gjennom bistand og økonomisk samar-

beid vil Regjeringen bidra til å bedre miljø og ressursforvaltning, styrke menneskerettigheter i utviklingsland og bekjempe fattigdom.

Regjeringen legger vekt på samarbeidet i Norden. De nordiske land kan sammen gi bidrag til arbeidet med å trekke Russland og det baltiske området med i bredere europeiske samarbeidsordninger, og derved styrke en langsigkt fredelig og økonomisk utvikling i vår del av verden.

De nordiske landene har fra 1. mai i år observatørstatus i Schengen-samarbeidet. Regjeringen forhandler nå om en samarbeidsavtale som sikrer at de pass- og reisefrihetsordninger som nordiske borgere har hatt i mer enn 40 år, videreføres, samtidig som vi tar del i et større europeisk reisefrihetsområde.

Norge skal fortsatt være en pådriver for internasjonal miljøsamarbeid. I arbeidet for løsning av de globale klimaendringer og forsuringssproblemer i Europa vil Regjeringen legge vekt på å utvikle og søke oppslutning om effektive løsninger som globalt og nasjonalt gir de største miljøgevinster. Regjeringen vil arbeide for en skattereform for miljø og arbeid som oppfølging av Grønn skattekommisjon.

Eksport av gass er Norges viktigste bidrag til et renere Europa. Norsk gasskraft vil være et alternativ til kull-, olje- og kjernekraft i våre naboland, og dermed bidra til et bedre miljø. Norge bruker nå mer elektrisk strøm enn det vi produserer selv, og det er svært lav vannstand i magasinene. Vi må regne med høy og vedvarende import. For å styrke kraftbalansen er det nødvendig å begrense forbruket og øke tilgangen på elektrisk strøm. Arbeidet med energiøkonomisering og alternative energiformer, som for eksempel bioenergi, vil bli sterket.

For å oppnå høy verdiskaping og sysselsetting skal norsk næringsliv ha betingelser som gjør det mulig å møte internasjonale utfordringer. Derfor vil Regjeringen aktivt medvirke til å styrke og videreutvikle samarbeidet innenfor Verdens handelsorganisasjon, og bevare, styrke og videreutvikle EØS-avtalen og nyte de kontaktordningene som er etablert med EU og de enkelte medlemsland.

Regjeringen legger stor vekt på forskning og nyskaping som virkemiddel for å styrke næringslivets konkurranseskygge. Det er avgjørende at næringslivets egen innsats og eget engasjement innen forskning og utvikling styrkes.

Gjennom en aktiv arbeidsmarkedspolitikk skal tiltakene målrettes mot å kvalifisere og gi arbeidstrening til langtidsledige, unge arbeidsledige og yrkeshemmede.

For å sikre sysselsetting og bosetting i alle deler av landet vil Regjeringen fortsatt holde et høyt nivå på den regionale og distriktspolitiske innsatsen.

Landbruket skal fortsatt spille en sentral rolle for å opprettholde bosetting i hele landet. Regjeringen vil videreføre målsettingen om et mer robust og mer konkurransedyktig landbruk. Arbeidet med å sikre god matkvalitet, dyre- og plantehelse vil bli forsterket og videreført innenfor rammen av det internasjonale samarbeidet

Norge deltar i. Det vil bli lagt fram en egen stortingsmelding om matvarekvalitet.

Regjeringen vil prioritere arbeidet med å sikre stabil markedsadgang, styrke konkurransen og legge forholdene til rette for økt verdiskaping innen fiskeri- og havbruksnæringen.

De store ressursene innen offentlig sektor og de statlige bedriftene skal utnyttes på en effektiv måte, og tjenestene skal være tilpasset brukernes behov. Forvaltningen skal utnytte de fordeler som informasjonsteknologien gir for brukerne, og i saksbehandlingen.

Regjeringen vil forsterke kampen mot vold, hærverk og andre forhold som skaper utsynghet, og støtte opp om de unges egen innsats i det voldsforebyggende arbeidet, både i skole og fridtid.

Innsatsen mot narkotikaproblemer og internasjonal organisert kriminalitet fortsetter med øket styrke. Regjeringen vil foreta en bred gjennomgang av alkohol- og narkotikapolitikken.

Kommunene og fylkeskommunene skal sikres en inntektsutvikling som gjør det mulig å trygge velferden. Et forbedret inntektsystem bidrar til en mer rettferdig fordeling av inntektene. Også landets kommuner og fylkeskommuner må fortsette arbeidet med å tilpasse innsatsen til skiftende behov.

Gjennom reformer og økte ressurser i helsesektoren skal tilbud og pasientrettigheter bedres. Behandlingsstilbuddet til personer med alvorlige psykiske lidelser vil bli styrket. Tiltak for å sikre rekruttering av helsepersonell vil bli prioritert.

Regjeringen vil stimulere til utbygging av et mest mulig likeverdig tilbud av pleie- og omsorgstjenester for eldre og funksjonshemmede, med høy kvalitet og rom for deltagelse og medansvar. Dette krever en helhetlig eldrepolitikk.

Høsten 1997 innføres 10-årig grunnskole med skolestart for 6-åringer. Den nye læreplanen vil bli innført i løpet av 1997 – 1999. Regjeringen vil fremme forslag til revidert og samlet lovgivning for grunnskolen og videregående opplæring.

Regjeringen vil holde oppe et høyt opptaksnivå i de mest etterspurte studiene ved universiteter og høgskoler uten at kvaliteten i tilbudene blir forringet.

Arbeidslivet setter økende krav til kompetanse hos den enkelte. Samtidig øker mulighetene for meningsfylt arbeid gjennom allsidig bruk av kunnskaper, evner og ferdigheter. Regjeringen vil derfor arbeide for en reform for etter- og videreutdanning. Dette krever bidrag fra arbeidsgiverne, arbeidstakerne og det offentlige. For å skape et best mulig grunnlag for en slik reform har Regjeringen nedsatt et offentlig utvalg som også inkluderer arbeidslivets parter.

Regjeringen vil videreføre innsatsen for å nå målet om full barnehagedekning ved århundreskiftet. Utvikling av varierte driftsformer og bruk av frigjorte plasser etter 6-åringene til småbarnsplasser vil ha høy prioritet.

Regjeringen vil fremme forslag om endringer i barne-loven. Barn og unge som utsettes for omsorgssvikt, skal sikres rettssikkerhet og hjelpestilbud av høy kvalitet.

Økt kulturelt mangfold er en berikelse og styrke for det norske samfunnet. Det forutsetter bred oppslutning om de grunnleggende spillereglene for fellesskapet og at ingen på grunn av sin bakgrunn blir stengt ute fra deltagelse i samfunnslivet.

Økt deltagelse av innvandrere i arbeidsmarkedet, opplæring og skole vil være sentrale temaer i en stortingsmelding om nyere innvandring og utfordringer for Norge.

Regjeringen satser på økt deltagelse og styrket kvalitet i kulturpolitikken. Kulturminneåret 1997 skal skape positiv interesse og forståelse for kulturminner gjennom å gjøre de store verdier kulturminnene representerer, mer synlige.

For å medvirke til en aktiv og sosial boligpolitikk vil Husbankens rolle som statens viktigste boligpolitiske virkemiddel bli opprettholdt. Arbeidet med å modernisere boliglovgivningen vil fortsette.

I samferdselssektoren er målet å utvikle et effektivt transportsystem for befolkning og næringsliv innenfor de rammer hensynet til et godt miljø og høy trafikksikkerhet setter. Jernbane og kollektivtransport har høy prioritet. Samferdselsbedriftene Posten og NSB trafikkdel skal omstilles til statlige særlovselskaper for å sikre effektiv drift og overordnet samfunnsmessig styring. Regjeringen holder fast ved målet om et godt og likeverdig tilbud av post- og teletjenester i alle deler av landet.

I forbindelse med meldingen om Sametingets virksomhet tar Regjeringen sikte på å foreta en prinsipiell gjennomgang av norsk samepolitikk.

Gjennom en målrettet kirkepolitikk vil Regjeringen legge til rette for engasjement og fornyelse i Den norske kirke.

Jeg ber Gud velsigne Stortingets gjerning, og erklærer Norges 141. Storting for åpnet.

Melding fra Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding, lesen av statsråd Reidar Sandal.

I samsvar med Grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs tilstand og styring i tida etter siste melding.

Noreg har også det siste året teke aktivt del i det internasjonale samarbeidet for å fremje fred, stabilitet og tryggleik.

Ei meir rettferdig fordeling mellom rike og fattige land er eit sentralt mål for Regjeringa. Noreg ligg framleis aller fremst mellom nasjonane i verda når det gjeld utviklingshjelp. Utviklingshjelpa i 1995 svarte til 0,87 pst. av bruttonasjonalinntekta etter den nye utrekningsmetoden. Det vart utbetalt 7,9 milliardar kr.

Noreg har teke del i det internasjonale samarbeidet for berekraftig utvikling. Noreg har særleg lagt vekt på arbeidet for å styrke tiltaka mot klimaendringar, for berekraftig produksjon og forbruk og berekraftig forvalting av skogområda i verda.

Fordi Sverige, Finland og Danmark no er medlemmer i EU, blir samarbeidet i Norden tillagt ny vekt. Ein har i 1995 og 1996 vurdert dei nordiske institusjonane, og det er etablert nye rammer for samarbeidet. Det blir lagt større vekt på samarbeidet med nærområda, og her spelar Barentsregionen og Austersjøregionen ei særleg rolle. Som eit uttrykk for det nære samarbeidet mellom Norden og dei baltiske statane er det etablert regulære kontaktmøte på utanriksministernivå.

Alle dei nordiske landa har observatørstatus i Schengen-samarbeidet frå 1. mai 1996. Regjeringa meiner det er viktig at Noreg gjennom å delta i Schengen bevarer den nordiske passfridommen, sikrar at nordmenn kan reise fritt til eit større område i Europa, og dessutan får del i det styrkte politisamarbeidet i Schengen.

Samarbeidet mellom Noreg og Russland har teke eit viktig steg vidare. Ein arbeider også for å auke interessa for Barentssamarbeidet utanfor regionen.

Torsdag 29. august styrtta eit russisk fly med 141 menneske om bord på Svalbard. Alle om bord omkom og den største flyulykka på norsk jord var eit faktum. Alle tilgjengelege ressursar vart sette inn i rednings- og etterforskningsarbeidet, som gjekk for seg under svært vanskelege forhold.

EØS-avtala er hovudrama for Noregs samarbeid med EU. Regjeringa er av den oppfatning at EØS-avtala fungerer tilfredsstillende. Etablerte kontakt- og samarbeidsordningar på det utanrikspolitiske området gjer det mogleg med dialog, m.a. om den vidare utviklinga i EU.

Regjeringa har lagt stor vekt på å bygge ut samarbeidet med leiane land i Asia, og det har vorte gjennomført fleire viktige offisielle besøk det siste året.

Regjeringa meiner at norsk støtte og bidrag til fredsoperasjoner er ein viktig del av Noregs samla internasjonale engasjement. Regjeringa har støtt opp om gjennomføringa av fredsavtala for Bosnia-Hercegovina.

Regjeringa har lagt stor vekt på menneskerettsspørsmål i kontakt med andre land. Noreg har engasjert seg for å påverke menneskerettssituasjonen i Burma, held fram med å spele ei aktiv rolle i fredsprøsessen i Guatemala og fører vidare rolla si i fredsprøsessen i Midtausten, i tråd med ønska til partane.

St.meld. nr. 35 om velferdspolitikken vart drøfta i Stortinget i mai 1996. Drøftinga viste at det var brei semje om hovuddraga i den norske velferdspolitikken. Stortinget sluttar seg til fleire tiltak som vil sikre større fleksibilitet i uførepensjonsordninga og gjere det lettare å kombinere arbeid og trygd. Det vart også tilslutning til ei omlegging av stonadsordningane for einslege forsørgjarar, som skal gjere det lettare for denne gruppa å ta del i arbeidslivet og sikre dei auka ytingar frå det offentlege når dei har omsorg for små barn.

Talet på registrerte ledige vart redusert med 8 100 personar frå 1994 til 1995, og i første halvår i år var det 11 500 færre ledige enn i den tilsvarende perioden i fjor. Dei registrerte ledige utgjorde 4,3 pst. av arbeidsstyrken i første halvår. Det har vore ein nedgang i talet på registrerte ledige i alle aldersgrupper, særleg for ungdom under 25 år. Alle fylke med unntak av Finnmark har

hatt nedgang i talet på registrerte ledige. Om lag 1/3 av dei ledige er langtidsledige.

I tråd med den betra situasjonen på arbeidsmarknaden er arbeidsmarknadspolitikken lagd om. I 1995 vart det særleg lagt vekt på formidlingsinnsatsen, slik at det raskt kan bli tilsett folk i dei ledige stillingane. Talet på tiltakslassar for ordinære arbeidssøkjarar er redusert sidan 1993. I 1996 er det lagt opp til 38 000 tiltakslassar i gjennomsnitt. Prioriterte målgrupper på tiltak er langtidsledige og ungdom.

Jordbruksarealet har auka i alle delar av landet dei siste åra. FNs matvareorganisasjon FAO dokumenterer at Noreg er blant dei landa som har den høgaste sjølvforsyningsevna når det gjeld mat.

Barnefamilieutvalet har greidd ut og i 1996 komme med framlegg til endringar i dei samla overføringsordningane og i tenestetilbod til familiar med barn mellom 0 og 18 år. Utgreininga er send på brei høyring.

Vidare finn Regjeringa det gledeleg at 70 pst. av fedrane i 1995 gjorde bruk av retten til foreldrepermisjon, og ein ikkje liten del tok permisjon utover fedrekvoten.

Ved inngangen til 1996 hadde 51 pst. av alle barn mellom 0 og 6 år plass i barnehage eller i seksåringstilbod i skolen. I aldersgruppa 1–6 år var det tilsvarende talet 59 pst. Det vart i 1995 etablert nye barnehagar med eit samla tal plassar som låg nær utbyggingsmålet på 13 800.

Vi står no midtvegs i gjennomføringa av Reform 94. Statistikken viser at om lag 90 pst. av elevane har stått i alle fag og at det faglege nivået er høgt. Som eit ledd i reforma er det utarbeidd nye lærebøker for ei lang rekke fag. Svært mange av dei som har lovfesta rett til opplæring, har fått tilbod om grunnkurs eller vidaregåande kurs I i samsvar med det dei ønskte. Færre enn venta fekk tilbod om lærlingplass i arbeidslivet, og ein del elevar fekk derfor hausten 1996 tilbod om avsluttande fagopplæring i skole.

I samarbeid med regionsjukehusa i landet sette Regjeringa våren 1996 i verk prosjektet «Ventelistedugnad». Det er eit behandlingstilbod for ortopedipasientar, som dermed får raskare behandling enn dei elles ville ha fått. Samtidig har Regjeringa gjort framlegg for Stortinget om å endre noverande ventelistergaranti og innføre ein ny finansieringsmodell for dei somatiske sjukehusa. Sosial- og helsedepartementet har vidare sett ned eit utval for å greie ut organisasjons- og leiingsspørsmål ved sjukehusa. Utvalet skal mellom anna kartlegge dei viktigaste problema ved gjeldande organisasjons- og leiingsstruktur og komme med framlegg om tiltak som kan betre desse funksjonane ved sjukehusa. Framlegget frå utvalet vil ligge føre innan utgangen av 1996.

Regjeringa har definert «helse og kultur» som eit nyttsatsingsområde. Gjennom forskingsaktivitet skal ein mellom anna sikre meir kunnskap om korleis vi samhandlar med helsestellet, og kva vi oppfattar som sjukdom i dag. Gjennom forsøksverksemd skal ein skaffe seg erfaring med korleis kulturelle verkemiddel kan nyttast i det førebyggjande og rehabiliterande helsearbeidet.

Noreg har i perioden vore aktivt med i forhandlingane om oppretting av ein ny internasjonal gjeldsmekanisme for dei fattigaste og mest gjeldstygge landa, etter initiativ frå Verdsbanken og Det internasjonale valutafondet. Ein ventar at forhandlingane blir fullførte hausten 1996.

I 1995 og 1996 har Noreg inngått tosidige miljøvernavtaler med Kina og Sør-Afrika. Desse avtalene vil i tillegg til avtalene med India og Indonesia gjere sitt til å styrke det tosidige samarbeidet, til dømes i klimasamanheng.

Norske fylke langs finske- og svenskegrensa tek del i til saman seks Interreg-program fra Interreg Barentssamarbeidet i nord til Interreg-samarbeidet mellom Østfold fylke og Bohuslän i Sverige i sør. Interreg-programma er ferdig utarbeidde og godkjende av EU-kommisjonen. Målsetjinga med norsk deltaking i Interreg er å betre vilkåra for næringsutvikling, sysselsetting og verdiskaping i grenseregionane. I tillegg vil Interreg-samarbeidet styrke det nordiske grenseregionale samarbeidet og samarbeidet i Barentsregionen.

Som eit ledd i det nordiske miljøvernksam arbeidet er det bygd opp eit fond i det nordiske miljøfinansieringselskapet NEFCO. Noreg har skote inn om lag 5,55 mill. kr av dei 30 mill. kr totalt som er sette av i 1996. Formålet med fondet er å gje lån til miljøvernprosjekt i nærområda rundt Norden som ikkje ville vorte gjennomførte utan særleg finansiering.

Noreg har teke del i arbeidet med å tilpasse NATO til den nye tryggingspolitiske situasjonen og nye oppgåver. Regjeringa har i arbeidet med omforming av alliansen lagt vekt på å halde oppe kjernefunksjonane til NATO som forsvarsorganisasjon. Vedtaket på ministermøtet i NATO i juni 1996 om å utvikle Den europeiske tryggings- og forsvarsidentiteten (ESDI) innanfor alliansen styrker det europeiske bidraget til dei nye tryggingspolitiske arbeidsoppgåvene.

Noreg har halde fram med arbeidet for global og regional rustningskontroll og nedrusting og vart oppteke som medlem av FNs nedrustingskomité i Genève 17. juni 1996. Arbeidet med gjennomføring og bevaring av CFE-avtala har hatt høg prioritet. Regjeringa har arbeidd for ei breiast mogleg oppslutning om eit totalforbod mot antipersonellminer. Noreg har også teke del i arbeidet med å få til ei fullstendig kjernefysisk prøvestansavtale og med å hindre spreieing av masseøydeleggingsvåpen. Det har vore lagt stor vekt på arbeidet med å få stansa alle kjernefysiske prøvesprengingar.

Noregs bidrag til NATO-styrken «Immediate Reaction Force (IRF)», Telemark bataljon, vart erklært operativ av forsvarssjefen 1. juni 1996.

Omrorganiseringa av Forsvaret går etter den planen som er nedfelt i langtidsmeldinga. I arbeidet med ny og moderne struktur blir det lagt vekt på å få redusert kostnadene ved drifta i Forsvaret, slik at det ein sparer, kan brukast til investeringar i nytt utstyr. Forsvarsdepartementet har no begynt arbeidet med ny langtidsmelding. Den nye langtidsmeldinga vil gjelde åra 1999 – 2002.

Med utgangspunkt i den overordna flyktingpolitiske målsetjinga om at trygg tilbakevending er den beste løysinga på ein flyktningssituasjon, har styresmaktene lagt aktivt til rette for at bosniarar i Noreg skal få gode føresetnader for å vende tilbake til heimlandet. Den individuelle økonomiske stønaden til flyktningar som vender tilbake til heimlandet, er i 1996 auka til 15 000 kr. Bosniarar får i tillegg 5 000 kr eitt år etter at dei er komne heim, og dertil blir det sett av 5 000 kr pr. person til eit fond til gjenoppbygging av lokalsamfunnet dei vender tilbake til. Talet på bosniske flyktningar som vender tilbake, har auka monaleg etter omlegginga av støtteordninga.

Regjeringa har i 1996 oppretta eit Forum for det fleirkulturelle Noreg. Formålet med dette forumet er å kaste lys over og drøfte sentrale problemstillingar som har med utviklinga av det fleirkulturelle Noreg å gjøre, og å skape større breidd og aktivitet i debatten om innvandrarspørsmål. Forumet er breitt samansett av personar med bakgrunn frå arbeidslivet, innvandrarorganisasjonar, representantar frå trussamfunn og kunst- og kulturlivet.

Nær halvparten av den samla tosidige utviklingshjelpa gjekk til Afrika. Utbetalingane gjennom fleirsidige organisasjonar gjekk litt opp, på grunn av ein auke av øyremerk stønad. Dei største mottakarane var FNs utviklingsprogram (UNDP), Det internasjonale utviklingsfondet under Verdsbanken (IDA) og FNs internasjonale barnefond (UNICEF).

Noreg har vore aktivt med i reformarbeidet i FN. Mellom anna samordnar Noreg eit nordisk prosjekt om effektivisering av arbeidet i FN på det økonomiske og sosiale området. Det er teke fleire internasjonale initiativ for å gjennomgå det fleirsidige bistandssystemet og komme med framlegg til forbetringar.

Noreg leidde gjennomgangen av FN-handlingsplanen for dei minst utvikla landa hausten 1995. I april i år vart det arrangert eit internasjonalt møte for å følgje opp resultata frå det sosiale toppmøtet i FN.

Noreg tok del i Den niande konferansen for handel og utvikling (UNCTAD IX) i Sør-Afrika i mai. Den primære oppgåva til UNCTAD skal heretter vere å sikre at utviklingslanda blir integrerte i det multilaterale handelssystemet med størst vekt på dei minst utvikla landa.

Det andre partsmøtet under Klimakonvensjonen vart halde i juli 1996. Dei fleste landa gav klar støtte til rapporten frå Klimapanelet i FN, og gjekk inn for at rapporten må danne grunnlaget for det vidare arbeidet med å utforme bindande forpliktingar. Fleire land, blant dei no også USA, streka under til liks med Noreg behovet for sterke og meir bindande utsleppsforpliktingar. Denne positive endringa i synet til USA vil vere svært viktig for den vidare utviklinga i klimaforhandlingane fram til møtet i Japan i 1997, der det skal ligge føre eit utkast til protokoll, eller eit anna legit instrument med bindande forpliktingar.

I januar opna det nordiske kontoret til World Heritage i Oslo. Kontoret samordnar oppfølginga i dei nordiske landa av UNESCO-konvensjonen om å bevare kul-

tur- og naturarven i verda. Gjennom nordiske og globale oppfølgingsprosjekt, m.a. i Baltikum, Afrika og Asia, vil kontoret arbeide for ein betre balanse i representasjonen på World Heritage List til UNESCO.

Som eit ledd i oppfølginga av Konvensjonen om biologisk mangfald arrangerte Noreg saman med FN-miljøprogrammet, for andre gong, ein internasjonal konferanse i Trondheim i juli 1996. Konferansen sette sørkjelyset på dei økologiske følgjene av spreing av framande arter, og samla deltakarar frå 80 land.

Stortinget gav i juni samtykke til ratifikasjon av FN-avtala om fiske på det opne havet, som gjev reglar for forvaltning av fiskeressursane utanfor dei nasjonale sonene.

Det er lagt grunnlag for at norsk skipsfartsnærings framleis skal ha ein leiande internasjonal posisjon. Det er eit mål å sikre at ein størst mogleg del av verdiskapninga og sysselsetjinga i norsk maritim verksemd skal gå for seg i og frå Noreg.

Arbeidet som er knytt til auka tryggleik til sjøs er ført vidare. Det er m.a. utarbeidd ei regional avtale om auka tryggleikskrav for roropassasjerferjer, som ei oppfølging av Estonia-ulykka.

Refusjonsordningane for å sikre sysselsetjing av norske sjøfolk er ført vidare og for andre halvår 1996 utvida med ei eiga ordning som skal omfatte delar av flåten i Norsk Internasjonalt Skipsregister.

Noreg har det siste året lagt ned eit stort arbeid med å gjennomføre avtalene som blir dekte av Verdshandelsorganisasjonen (WTO-avtala). I uteståande forhandlinger er det oppnådd ei førebels løysing for finansielle tenester og personflytingar, medan forhandlingane om telekommunikasjon og skipsfart er utsette.

Noreg ratifiserte OECD-avtala om normale konkurranserikar i skipsbyggingsindustrien. Formålet med avtala er å avskaffe all direkte og indirekte stønad til denne industrien. Avtala har ikkje teke til å gjelde enno fordi USA ikkje har ratifisert ho. EU har av den grunn arbeidd ut eit framlegg om å forlengje det opphavlege stønadssystemet. Det same har EFTA-landa gjort gjennom EØS.

Noregs Eksportråd er omorganisert til ein stiftelse med Utanriksdepartementet og Næringslivets Hovedorganisasjon som stiftarar. Det er oppretta eit samordningsutval heime, der dei viktigaste institusjonane som rår over verkemiddel for eksport og internasjonalisering i næringslivet, er med. Samla vil desse tiltaka gjere sitt til større tyngd og effektivitet i arbeidet for å fremje norske næringslivsinteresser i utanlandske marknader.

Garantiordninga for investeringar i og eksport til utviklingsland er no gjord permanent, og ramma for å stille garantiar er auka. Samtidig er ordninga gjord meir brukleg i utviklingsland som gjennomfører økonomiske reform- og privatiseringsprogram. Ordninga dekkjer fattige utviklingsland der risikoene er rekna for å vere for høg til at dei vanlege garantiordningane til GIEK kan brukast.

I januar 1996 var det busett 160 387 utanlandske statsborgarar i Noreg, og av dei var 93 189 frå europeis-

ke land. Det er ein samla reduksjon på 3 643 frå 1. januar 1995. Forklaringa på denne reduksjonen er overgang til norsk statsborgarskap. I 1995 fekk 11 778 utlendingar norsk statsborgarskap, og det er ein auke på 34 pst. sett i høve til 1994.

Folkemengda i Noreg 1. januar 1996 var 4 370 000. I 1995 auka folketalet med 21 500 personar, eller 0,5 pst. I første halvår 1996 var tilveksten 11 500. Talet på fødslar auka med 200 til 60 300 i 1995, som tilsvarer 1,87 barn pr. kvinne. Talet på døde var 45 200.

I 1995 flytta 25 700 personar til Noreg, medan 19 300 flytta ut. Innflyttingsoverskottet på 6 400 var 1 100 lågare enn året før.

Ved årsskiftet 1995/96 var 14,2 pst. av den totale folkesetnaden 67 år eller eldre. Gruppa 80 år og over utgjorde 4,0 pst., noko som er ein liten auke frå året før. Aldersgruppa under 16 år utgjorde 20,7 pst. av folkesetnaden 1. januar.

Produksjonen av olje, gass og NGL på den norske kontinentalsockelen i 1995 var 193 mill. tonn oljeekvivalentar, mot 180 mill. tonn i 1994. Dei sju første månadene av 1996 var den samla produksjonen 127 mill. tonn oljeekvivalentar, ein auke på 16,2 pst. frå same perioden i 1995.

Pr. 31. desember 1995 er det att 5,7 milliardar Sm³ oljeekvivalentar av dei petroleumsressursane som til no er oppdagat på norsk sokkel.

Ressursstatusen til Oljedirektoratet viser at tilveksten av olje og gass var større enn uttaket frå 1994 til 1995. Dersom ein legg det uttaket av petroleum som Noreg hadde i 1995, til grunn, er det framleis oppdaga ressurssar til 16 års oljeproduksjon og 108 år med gassproduksjon. Det er teke omsyn til auka oljeutvinning.

Investeringskostnadene i oljeutvinning og rørtransport var i 1995 48,6 milliardar kr, som er 11,1 pst. lågare enn året før. Det var i hovudsak eit fall i investeringsnivået for feltutbyggingar, rørtransport og verksemd på land som var grunnen til dette. I det same tidsrommet var leitekostnadene 4,6 milliardar kr, mot 5,0 milliardar kr året før. Den norske delen av leveransane til feltutbygging har dei siste åra ligge på 50–70 pst.

Det totale salet av petroleumsprodukt var 8 691 mill. liter i 1995, ein auke på 2,0 pst. frå 1994. I 1995 var 93 pst. av bensinsalet blyfri bensin. I dei sju første månadene i 1996 har det totale salet vore 5 459 mill. liter. Det er 10,9 pst. høgare enn i den same perioden i 1995. I januar – juni 1996 var 99,3 pst. av bensinsalet blyfri bensin.

Produksjonen av elektrisk kraft i 1995 var 123,2 milliardar kilowatt-timar (TWh). Det er 9 pst. meir enn i 1994. I første halvår av 1996 var produksjonen 60,6 TWh, ein nedgang på 1,6 pst. I 1995 var det eit eksportoverskott på 7,0 TWh, mot 0,1 TWh i 1994. Ved utgangen av august i år var importen av kraft 3,2 TWh høgare enn eksporten.

Bruttoforbruket av elektrisk kraft første halvår 1996 auka med 3,4 pst. samanlikna med same perioden i 1995. I tolvmañadersperioden juli 1995 til og med juni 1996 var bruttoforbruket 118,1 TWh, ein oppgang på

4,9 pst. Tal frå nasjonalrekneskapen viser at bruttoinvesteringane i varehandelen auka med 25 pst. frå 1993 til 1994 og med nesten 15 pst. frå 1994 til 1995 målt i faste priser. Etter fleire år med nedgang i sysselsetjinga i varehandelen var det ein auke på i underkant av 1 pst. frå 1993 til 1994, medan oppgangen frå 1994 til 1995 var på 4 pst.

Produksjonen i varehandelen låg i første halvår i år på 6,5 pst. over nivået i den same perioden i fjor. Utviklinga kan sjåast i samanheng med den sterke veksten i privat konsum vi har sett så langt i år.

Overnattingssstatistikken for hotell og andre overnattingsssteder viste i 1995 ein vekst på 1 pst. I alt er det registrert om lag 14,85 mill. gjestedøgn i 1995, og av dei stod nordmenn for om lag 66 pst. For dei første sju månadene i 1996 har gjestedøgn ved hotella gått opp med om lag 2 pst. Dei totale reiseevalutainntektene til Noreg i 1995 var på 14,7 milliardar kr, knappe 6 pst. lågare enn i 1994.

Førebelse oppgåver over varebytet med utlandet viser at verdien av innforsla utanom skip og oljeplattformer dei seks første månadene av 1996 var om lag 104 milliardar kr, eller 4,5 pst. høgare enn i same perioden i fjor, medan verdien av utforsla auka med 16,5 pst. frå første halvår i fjor, og utgjorde vel 148 milliardar kr. Av utforsla i første halvår i år utgjorde råolje og gass 71 milliardar kr, mot 56 milliardar kr på same tida i fjor. Handelsbalansen med utlandet for Fastlands-Noreg viste dermed eit underskott på vel 26,5 milliardar kr første halvår i år, mot knapt 28 milliardar kr i 1995.

For første halvår i år viser førebelse tal for driftsrekneskapen overfor utlandet eit overskott på vel 34 milliardar kr, mot 16 milliardar kr på same tid i fjor. Varer og tenester var det eit eksportoverskott på knapt 46 milliardar kr i første kvartal i år, mot vel 31 milliardar kr i same perioden i 1995. Eksportoverskottet fordeler seg på varer med 40 milliardar kr og på tenester med 6 milliardar kr.

Rente- og stønadsbalanse viste eit underskott på 12 milliardar kr i første kvartal i år. Det er vel 18 pst. lågare enn på same tida i fjor. Netto renter til utlandet viste ein nedgang på 68 pst. i første halvår i år samanlikna med i fjor.

Noregs nettofordringar overfor utlandet auka med 36 milliardar kr i første halvår i år. Skilnaden mellom overskottet på driftsbalanse og endringar i nettofordringane er omvurderingar av gjeld og fordringar, i hovudsak som følge av valutakursendringar. Nettofordringane overfor utlandet ved utgangen av første kvartal i år var etter dette 52 milliardar kr.

Den samla bruttogjelda publikum hadde til innanlandske kjelder, auka med 6,5 pst. dei siste tolv månadene fram til utgangen av juni i år, medan tolvmåndersveksten ved utgangen av 1995 var 5,7 pst. Pengemengda vokste med 5,1 pst. i 1995, medan auken dei siste tolv månadene fram til utgangen av juni var 4,9 pst.

Kronekursen har vore etter måten stabil i tida etter 10. desember 1992, og verdien ligg i dag om lag 2,4 pst. under den tidlegare sentralverdien mot ecu.

Renteutviklinga i Noreg i 1995 var noko ulik utviklinga i dei dominante landa i Europa. Medan dei kortsiktige rentene i Noreg var relativt stabile, fall rentene i Europa. Dei kortsiktige rentene, som var om lag 5 1/2 pst. i oktober 1995, hadde falle til 5 1/4 pst. i midten av september i år. Det svarer til eit rentenivå som ligg om lag 1,9 poeng høgare enn dei tyske rentene og 0,7 poeng høgare enn ecu-rentene.

Dei langsiktige rentene i Noreg fall i 1995 med 2 prosentpoeng. Desse rentene ligg no på 6 1/4 pst., som er om lag det same som i oktober i fjor. Denne utviklinga er omtrent på linje med det som har funne stad i andre europeiske land. Dei norske rentene ligg no om lag 1/2 prosentpoeng høgare enn ecu-rentene, medan dei tyske rentene er 1 1/4 prosentpoeng lågare enn dei norske.

Noregs Bank sette 8. mars i år ned innskotts- og utlånsrentene til bankane (folio- og dagslånsrenta) med 0,25 prosentpoeng til respektive 4,5 pst. og 6,5 pst. Dei administrerte rentene hadde då vore holdne uendra sidan februar 1994.

I 1995 selde Noregs Bank netto valuta for 3 milliardar kr. Frå byrjinga av 1996 til midten av september vart det netto kjøpt valuta for 34,9 milliardar kr. Noregs Bank hadde ved utgangen av august internasjonale reservar tilsvarende 165,8 milliardar kr.

Den gjennomsnittlege renta på utlån frå bankane fall markert i 1995, frå 8,4 pst. ved byrjinga av året til 7,7 pst. ved utgangen av året, og vidare til 7,6 pst. ved utgangen av 2. kvartal 1996. Innskottsrenta fall noko mindre og var i gjennomsnitt 3,2 pst. ved utgangen av 2. kvartal. Rentemarginen i bankane har dermed vorte redusert frå 4,1 pst. ved byrjinga av 1995 til 3,5 pst. ved utgangen av 2. kvartal 1996.

Grøn skattekommisjon la fram rapporten sin i juni i år. Kommisjonen har ei brei drøfting av samanhengen mellom skattar, avgifter og subsidiar på den eine sida og miljø og sysselsetjing på den andre. Rapporten er send på høyring.

Talet på sysselsette personar auka med over 43 000 frå 1994 til 1995 og utgjorde i gjennomsnitt 2 100 000 personar i 1995. Nesten heile auken kom i aldersgruppa 25–54 år. Sysselsetningsveksten var sterkest i bygge- og anleggsverksemder, helse og sosialteneste og varehandel, men også industri og samferdsel hadde monaleg vekst i 1995. Den positive sysselsetningsveksten har halde fram i 1996 og er jamt fordelt mellom kvinner og menn. Auken i etterspørsele etter arbeidskraft har ført til ein markert nedgang i talet på arbeidsledige.

Nedgangen i talet på heilt ledige og deltakarar på arbeidsmarknadstiltak i aldersgruppa under 25 år må ein sjå i samanheng med auka etterspørsel etter arbeidskraft og befolkningsnedgang i desse aldersgruppene. Dessutan har innføringa av Reform 94 ført til at ein større del av ungdomskulla går på skole.

Dei første fire månadene i år var det i gjennomsnitt registrert 54 700 yrkeshemma ved arbeidskontora. Om lag 3/4 var på tiltak.

Det kom i vår framlegg til ny lov om skatt på Svalbard og ny lov om skattlegging av personar på Jan Mayen.

Det vart i juni lagt fram ei stortingsmelding om eit nytt takseringssystem for bustad- og fritidseigedommar. I denne vart prinsippa for formuesskattlegging, inn-tektskattlegging og gevinstskattlegging av bustad- og fritidseigedommar drøfta.

Stortinget vedtok i juni nytt skattesystem for kraft-føretak. Føretaka vil bli skattlagde på grunnlag av den årlege lønnsemda, og alle føretak vil bli skattlagde etter dei same reglane. Det nye systemet sikrar kraftkommunane og fylka stabile skatteinntekter på eit samla sett høgare nivå enn etter det gjeldande systemet. Det blir innført skatt på grunnrente i kraftsektoren.

Kongen i statsråd tildelte 2. februar 1996 46 blokker fordelt på 18 utvinningsløyve i den 15. konsesjonsrunden på norsk kontinentsokkel. Utvinningsløyva ligg dels i Nordsjøen og dels i Norskehavet. Det knyter seg særleg stor interesse til konsesjonstildelingane på djupt vatn i dei nye områda i Møre- og Vøringsbassenget i Norskehavet. Ni oljeselskap vart tildelte operatørskap i den 15. konsesjonsrunden, medan 16 oljeselskap vart tildelte deltakardelar.

Regjeringa la i april også fram St.prp. nr. 50 med ei orientering om den samla deltakinga til staten i petroleumsverksemda og om perspektiva for verksemda, mellom anna når det gjeld utnyttinga av petroleumsressursane, energiskattar, utviklinga av energimarknadene, miljø og internasjonalisering.

Reglane for kraftutvekslinga mellom Sverige og Noreg vart endra frå 1.1.1996. Kraftbørsen blir no eigd med like store delar av dei to nettselskapa i dei to landa. Bakgrunnen for endringa var innføringa av kraftmarknadsreforma i Sverige frå nyttår. Noreg og Sverige har no omregulert kraftmarknadene etter dei same prinsippa. Endringane la tilhøva til rette for ei meir effektiv kraftutveksling mellom Noreg og Sverige. Den vidare utviklinga må sikre likeverd og balanse mellom dei to landa.

Regjeringa la i april fram St.meld. nr. 38 om gasskraftverk i Noreg. I meldinga rår Regjeringa til at det blir bygd gasskraftverk på Kolsnes og Kårstø basert på planane til Naturkraft AS, under føresetnad av at konsesjonsbehandlinga viser at anlegga oppfyller normale konsesjonsvilkår. Fleirtalet i Stortinget slutta seg til framlegga i meldinga 14. juni.

I mai 1995 sette Regjeringa ned eit utval som skulle greie ut om kva som er viktige utfordringar for norsk næringsliv, og korleis styresmaktene skal innrette politikken sin for å styrke grunnlaget for utvikling og evna til å møte utfordringar i næringslivet i framtida. Utvalet leverte innstillinga si 30. august 1996.

Stortinget vedtok i juni 1996 at den malmbaserte verksemda ved A/S Sydvaranger skal avsluttast gjennom ei styrt avvikling. Avviklinga fører med seg nye utfordringar for omstillingasarbeidet i Sør-Varanger. Det vart løvd ytterlegare 30 mill. kr i omstillingstilskott og totalt 180 mill. kr til eit investeringsfond for Nordvest-Russland. Sør-Varanger blir eit bruohovud for den auka satsinga på næringssamarbeid med Nordvest-Russland.

Regjeringa arbeider for å stimulere etablering og utvikling av næringsverksemdu. Næringslovutvalet kjem med framlegg til forenklinger og forbeteringar av lovgjevinga som utvalet meiner hemmar næringsutviklinga. Utvalet har i perioden komme med framlegg knytt til næringsmiddelkontrollen og til reglane for stifting og registrering av aksjeselskap.

Nærings- og energidepartementet tok i mars 1996 imot rapporten frå hotellovutvalet. På bakgrunn av store problem med ulike former for kriminalitet i serveringsnæringa rår utvalet til ei ny serveringslov der det m.a. blir stilt krav til kvalifikasjonar, heiderleg vandel, ordna forretningsførsel og økonomi. Utgreininga til hotellovutvalet har vore til høyring.

Lova om kjøp av næringsverksemdu gjer det mogleg for styresmaktene å føre kontroll med bedriftsoverdragningar, og tok til å gjelde 1. januar 1995. Nærings- og energidepartementet har det første halvtanna året hatt om lag 280 saker til handsaming. Av dei har tre saker vorte prøvd nærmere.

Næringslivet i Noreg har ein etter måten låg forskingsinnsats samanlikna med andre industriland. Eit utval oppnemnt av Nærings- og energidepartementet har vurdert forsking og innovasjon som næringslivet sjølv står for. Utvalet leverte rapporten sin 1. kvartal 1996.

Gjennom EØS-avtala tek Noreg del i EUs 4. ramme-program for forsking, og norske verksemder og forskingsmiljø tek del på linje med tilsvarande aktørar frå EU-landa. Dei første søknadsrundene under det fjerde rammeprogrammet for forsking vart lyste ut i 1995. Deltakinga har til no vore god, i gjennomsnitt får kvar fjerde norske søkjær tilslag i Brussel, og det ser ut til at det blir norsk deltaking i meir enn 300 felleseuropaiske prosjekt og nettverk. Uteljinga har vore særleg god innanfor områda som marinforskning, transportforskning, energiforskning og informasjons- og kommunikasjons-teknologi. Dette er område som har mykje å seie for norsk næringsutvikling.

Statssekretærutvalet for informasjonsteknologi la fram rapporten sin ved årsskiftet. Utvalet kjem med framlegg til tiltak innanfor ansvarsområda til ei rekke departement.

Frå 1. januar 1996 tok WTO-avtala om offentlege innkjøp til å gjelde. Avtala, som gjeld mellom EU, Canada, Israel, Japan, Noreg, Sveits, Korea og USA, inneber at store offentlege innkjøpsmarknader blir opna for internasjonal konkurrans.

I innanlands transport vart det i 1995 utført eit transportarbeid på 55 milliardar transportkilometer, mot 53,9 milliardar året før. Privatbilen står for 77,1 pst. av dei registrerte persontransportane. Det samla godstransportarbeidet innanlands var i 1995 33,5 milliardar tonnkilometer, mot 31,9 milliardar tonnkilometer i 1994. 46 pst. av godstransportarbeidet går på veg.

Lengda på det offentlege vegnettet i Noreg er 90 300 km. Av dette er 26 500 km riksvegar. 25,8 pst. av desse er stamvegar.

I 1995 vart nye riksvegstrekningar på i alt 205 km tekne i bruk. 104 km gang- og sykkelvegar vart opna i tilknyting til riksvegnettet.

Heile stamvegnettet har no eit tillate akseltrykk på 10 tonn. Når det gjeld andre riksvegar, har om lag 90 pst. 10 tonns akseltrykk, medan 40 pst. av fylkesvegane har 10 tonns akseltrykk. 47 pst. av stamvegnettet har tilfredsstillande standard.

Salet av nye bilar aukar, og det vart i 1995 registrert 97 879 nye og bruktimporterte personbilar, dvs. ein auke på 7,2 pst. i høve til 1994. Det vart også registrert 28 580 nye varebilar og kombinerte bilar, dvs. ein auke på 25,4 pst. samanlikna med 1994. Ved utgangen av 1995 var det registrert om lag 1,7 mill. personbilar i Noreg. I alt var det i overkant av 3 mill. motorkjøretøy. Salet av blyhaldig bensin vart kraftig redusert i 1995 og utgjer no berre 3 pst. av det totale bensinsalet.

I 1995 vart 11 891 personar skadde eller drepne i trafikken. Det er 361 fleire enn i 1994. 305 personar vart drepne i trafikken, 22 fleire enn i 1994.

Ved slutten av 1995 var det 109 riksvegferjesamband, og 157 ferjer trafikkerte desse sambanda. Ingen nye ferjer vart sette i trafikk, men riksvegferjedrifta vart tilført tre større brukte ferjer frå nedlagde samband, og seks eldre ferjer vart tekne ut av drift. Ved sju ferjesamband vart det i 1995 gjeve eit betre tilbod enn i 1994. Sju ferjeselskap har no innført elektronisk billettering.

Utrekningar viser at talet på personar som bur langs riksvegnettet og er svært plaga av trafikkstøy, vart redusert med nær 2 500, frå eit nivå på i underkant av 92 000 i 1994. Vidare er talet på personar som er svært plaga av luftureining ved bustaden, redusert med meir enn 2 100 frå 5 735 året før.

Investeringane i riksveganlegg var i 1995 på 5,3 milliardar kr. Det var 34 bompengeprosjekt i drift i Noreg i 1995.

I innanlands luftfart vart det i 1995 utført eit transportarbeid på 135,5 mill. passasjerkilometer. Det vart i 1995 frakta 46 000 tonn gods og post. Trafikken over norske flyplassar målt i talet på passasjerar var i 1995 i overkant av 21 mill. Det er ein auke på 4,9 pst. frå 1994. Av det samla talet på passasjerar var 15,8 mill. innanriks og 5,6 mill. utanriks. Veksten i innanlands rutetrafikk var 5,2 pst., medan utanriks rutetrafikk auka med 3,3 pst. Chartertrafikken til utlandet auka med 4,9 pst. Talet på flygingar innanfor rute-, charter- og fraktmarknaden viste ein vekst på 4,5 pst. I dei første fem månadene i 1996 har veksten i talet på passasjerar vore 13 pst. samanlikna med same perioden i 1995. I det samme tidsrommet auka talet på flygingar med 8,4 pst.

I samsvar med handsaminga av St.meld. nr. 25 for 1994-95 blir det ført forhandlingar om statleg overtaking av 26 regionale lufthavner.

I 1995 vart åtte personar drepne i flytrafikken (i tre ulykker), mot fire i 1994.

Den kombinerte kontrollsentralen og innflygingskontrollen for Aust-Noreg, Oslo ATCC i Røyken, vart sett i full operativ drift 30. mars 1996. Totalt er det investert

549 mill. kr i anlegget. Investeringane i resten av flyplassnettet (utanom hovudflyplassen på Gardermoen) utgjorde 479,5 mill. kr i 1995.

NSB har i 1996 begynt ein omfattande omstillingss prosess (Effekt 600) med sikte på å redusere kostnadsnivået i togdrifta. Det er nødvendig mellom anna på grunn av auka kapitalkostnader i samband med omfattande leveransar av nytt rullande materiell frå og med 1996. Tiltaka vil i hovudsak få verknad frå og med 1997. Hausten 1995 gav Stortinget dessutan samtykke til å omdanne NSB Reisebyrå til statsaksjeselskap frå 1. januar 1996.

Talet på passasjerar som reiste med tog, auka med 4 pst. frå 1994 til 1995, medan personkilometertalet gjekk ned med 1 pst. Gjennomsnittleg reiselengd vart derfor kortare i 1995 enn i 1994. Det har samanheng med at passasjerauknen kom i intercity- og lokaltrafikken. Godstrafikken med tog auka med 1 pst. rekna i tonnkilometer og med 15 pst. rekna i tonn (medrekna malmtrafikken på Ofotbanen).

I 1995 vart to drepne (av dei éin reisande) og 13 alvorleg skadde (ingen reisande) i togtrafikken. I 1994 vart fire drepne (av dei éin reisande) og fire alvorleg skadde (ingen reisande).

Talet på postsendigar gjekk i 1995 ned med 1,8 pst., medan produktiviteten auka med 1,3 pst. Postverket hadde i 1995 eit årsresultat på 343,3 mill. kr, noko som tilsvarer ein nedgang på 85,2 mill. kr i høve til 1994. Det vart i 1995 oppretta eitt postkontor, lagt ned 51, medan 31 vart omgjorde til postfilialar. Pr. 1. juli 1996 er det lagt ned 132 postkontor og 14 er omgjorde til postfilialar.

St.meld. nr. 41 om postpolitikken i Noreg vart drøfta i Stortinget i juni 1996. Det var brei tilslutning til hovudtrekka i meldinga, som m.a. omfattar innføring av konsesjonsordning for formidling av landsdekkjande postsendigar og behovet for tilpassing av postkontornettet på grunn av auka konkurranse og utvikling av nye tenester.

Regeringa la i mai 1996 fram Ot.prp. nr. 64 om lov om formidling av landsdekkjande postsendigar, som vil gje styresmaktene eit nødvendig verktøy for å halde oppe postale basistenester for forbrukarar og bedrifter over heile landet med eit servicenivå som blir fastsett av politiske styresmakter. Postverket vil framleis vere den beste reiskapen for staten for å sikre dette.

Telenor AS hadde i 1995 ei samla omsetning på 19,8 milliardar kr, ein auke på 1,4 milliardar kr frå 1994. Resultatet før skatt og andre postar var om lag 2,1 milliardar kr mot om lag 2,0 milliardar kr i 1994.

Prisane på telefontrafikk vart i 1995 sett ned med 6 pst. Prisen på teljarsteg vart redusert med 5 øre, frå 78 til 73 øre. I 1996 er prisane sett ned med nye 5,7 pst. Etter dette er det reelle prisnivået på teletenester meir enn halvert sidan 1989. 82 pst. av telenettet var digitalisert ved utgangen av 1995.

Stortinget vedtok i juni 1996 at eksisterande einerettar i telesektoren blir avvikla i to steg frå etter tur 1. november 1996 og 1. januar 1998.

Stortinget vedtok i juni 1996 også å gjøre den gjelda Telenor har att til staten, om til eigenkapital. Det styrker den finansielle stillinga til selskapet og medverkar til at Telenor AS styrker og utviklar tilbodet sitt både nasjonalt og internasjonalt.

Det er rekna ut at jordbruksoppgjeren i 1996 skal gje jordbruket ein gjennomsnittleg inntektsvekst på 0,5 pst. frå 1995 til 1996. Oppgjeren gjev jordbruket samla sett ein varig inntektsvekst på 300 mill. kr på årsbasis. Utslaget av oppgjeren på inntektene i 1996 er rekna til 3 100 kr pr. årsverk.

I samband med jordbruksoppgjeren i 1996 er det lagt opp til endringar i tollsystemet for jordbruksvarer. Ved tilpassingar i det tollbaserte importvernet er det ikkje eit mål å auke importen, men gjennom konkurranse på likeverdige vilkår å stimulere dei ulike ledda i matvarekjeda til nyskapning, auka kostnadseffektivitet og mindre behov for stønad. Det skal skje på ein slik måte at ein kan oppnå dei avtala målprisane i jordbruksoppgjeren i marknaden.

Også jordbruksoppgjeren i år har ført til ei forenkling av verkemiddelsystemet. Det vart i oppgjeren m.a. vedteke at det frå 1997 vil bli innført eit system for omfordeling av mjølkekvotar der den regionale fordelinga av mjølkeproduksjonen blir halden oppe. Vidare vart det i oppgjeren vedteke at «Riksoppgjeren for mjølk» frå same dato blir avvikla og erstatta med ei ny marknadsordning for mjølk der alle meieri, i eller utanfor meierisamvirket, blir underlagt ei prisutjamning med avgifter og/eller tilskott ut frå kva mjølka blir brukt til.

Stortinget vedtok 30. januar 1996 endringar i reindriftslova. Endringane gjer det no mogleg, på ein annan måte enn tidlegare, å knyte økonomiske og lovbaserte verkemiddel saman til eit heilskapleg verkemiddelsystem for å tilpasse beitetrykket og setje i verk tiltak for å få til ei betre inntektsfordeling mellom næringsutøvara. Endringane skal også sikre rettsgrunnlaget for samisk reindrift og gje Sametinget innverknad i dei styrande organa i reindrifta.

Ein reknar med at erosjon og avrenning av fosfor i jordbruket blir redusert med 40 pst. i høve til nivået i 1985, og at måla for Nordsjø-planen blir nådde. For nitrogen vil reduksjonen i 1995 vere 20—25 pst. med omsyn til avrenning av næringsstoff. Som dei andre nord-sjølanda har Noreg sluttar seg til å gjennomføre resten av reduksjonen fram til år 2000. Målet i Nordsjø-planen for reduksjonar i ureiningar frå plantevernmiddel vil bli nådd.

Noreg har også det siste året vore fri for dei alvorlereste smittsame sjukdommene hos pattedyr og fisk (OIE liste A-sjukdommar). Når det gjeld andre sjukdommar, har det vore nokre få tilfelle av infeksjøen lakseanemi og furunkulose. Det er avgjeraende for eksporten av oppdrettsslaks at desse sjukdommene blir haldne under god kontroll. Mengda av antibiotika i fiskeoppdrett er framleis låg. Hos småfe er det påvist ei rekke tilfelle av saue-sjukdommen skrapesjuke, og ein har slakta ned i samsvar med føresegnene i husdyrlova og etter ei frivillig ordning. Andre dyrearter har ein stabil og gjennomgåande tilfredsstillande helsetilstand.

Hestesporten er i 1996 omorganisert, og det er lagt fram ein odelstingsproposisjon om endring i lova om totalisatorspel. Det er lagt fram ein stortingsproposisjon om omorganisering av høgare utdanning og sektorforsking på landbruksområdet, som vart vedteken av Stortinget. Dei ytre etatane under Landbruksdepartementet vart i mars knytte opp til Statens regionale informasjonssystem (SRI), som blir koordinert av Administrasjonsdepartementet.

Marknadshøva for skognæringa er generelt noko usikre og til dels vanskelege. Trelastindustrien har opplevd svake marknader og därleg lønsemnd. Dette har ført til innstillingar og konkursar. Derimot har ein i det seinare sett teikn til betring i nokre segment. For treforedlingsindustrien er biletet noko samansett. For avisapir har ein passert ein syklustopp, og ein ser klare teikn til ein svekka marknad. Celluloseprisane vart halverte i løpet av første halvår i år. Utviklinga for avisapir og cellulose heng saman med ny produksjonskapasitet som har kome til i større grad enn venta, og ein globalt metta marknad. Men også for ein del treforedlingsprodukt er det signal om betring. I skogbruket har desse forholda ført til låg avverking, og dersom tømmerprisane ikke blir betre utover hausten, vil den totale avverkinga i 1996 bli særstakt låg.

Utbyttet av det norske fisket var i første halvår 1996 1 473 000 tonn (rund vekt) til ein førstehandsverdi av 4 200 mill. kr. Det er ein auke i kvantumet på 82 000 tonn (om lag 6 pst.) og ein uendra verdi samanlikna med tilsvarende periode i fjor. Lønnsevna i fiskeflåten er god.

Ressurssituasjonen for dei viktigaste fiskeslagene nord for 62 grader nord, torsk, hyse, sei og norsk vårgytande sild, ser ein framleis på som god, sjølv om ukontrollert fiske i Smotthølet og Smothavet påverkar bestandane negativt.

Undersøkingar av gytebestanden av norsk vårgytande sild tyder på at han no er over 5,5 mill. tonn. Veksten i sildebestanden har ført til endra vandringsmønster, og det går no for seg fiske på bestanden også i færøysk og til dels islandsk sone, og i tillegg i internasjonalt farvatn.

Noreg, Island, Færøyane og Russland vart i mai samde om ei avtale om fiske av norsk vårgytande sild for 1996, medan EU einsidig fastsette kvote for eige fiske i internasjonalt farvatn (Smotthavet).

Forhandlingane med Island om ei avtale for fiske av torsk i Smotthølet har halde fram utan at ein har nådd fram til noko resultat. Fisket i Smotthølet har i år vore variert. Blåkveitebestanden og loddebestanden er rekna for å vere utanfor sikre biologiske rammer. Blåkveitefisket er strengt regulert, og det er forbod mot loddefiske i Barentshavet. Rekebestanden er rekna for å vere innanfor sikre biologiske grenser.

Totalkvoten for makrell i 1996 er ytterlegare redusert i høve til 1995 for å hindre ein sterk reduksjon i gytebestanden. På grunnlag av nye negative overslag for bestanden vart totalkvoten for nordsjøsild halvert etter forhandlingar med EU. Bestandssituasjonen for dei viktigaste botnfiskeslagene i Nordsjøen er framleis därleg.

Eksporten av fisk og fiskeprodukt viser framleis jamn auke, både målt i verdi og kvanta. I 1995 vart det samla eksportert fisk og fiskevarer til ein verdi av vel 20 milliardar kr. Målt i kvantum auka eksporten med 4 pst. frå 1994 til 1995, medan gjennomsnittsprisen gjekk ned med 7,7 pst. EU er den viktigaste marknaden for norsk fisk, og målt i verdi gjekk i overkant av 65 pst. av eksporten til EU. Dei viktigaste einskildmarknadene i 1995 var Danmark, Frankrike og Japan. Det har også i 1995 og i første halvår i 1996 vore ein kraftig vekst i eksporten til Aust-Europa. Særleg har eksporten til Russland gått monaleg opp. Eksportverdien av fisk og fiskeprodukt gjekk opp frå 9,3 milliardar kr pr. 30. juni 1995 til 10,7 milliardar kr pr. 30. juni 1996.

Tilhøva på laksemarknaden har sidan hausten 1995 vore ustabile. Då prisane nådde eit botnnivå i slutten av november 1995, vedtok Regjeringa å setje i verk tiltak for å bremse veksten i den norske produksjonen, og i desember 1995 og januar 1996 vart det gjennomført ein fôringssstans i seks veker. Sidan er det innført fôrkvotar for 1996. Regjeringa har sett i gang arbeid med å legge til rette for produsentorganisasjonar i norsk oppdrettsnæring.

Trass i at Noreg har sett i verk nasjonale tiltak for å tilpasse produksjonen til marknaden, har den skotske oppdrettsorganisasjonen i juli 1996 sett fram ei dumping- og subsidieskulding mot norsk oppdrettsnæring. Europakommisjonen har på dette grunnlaget vedteke å setje i verk undersøkingar i dei to sakene om dumping og subsidiering. Styresmaktene følgjer saka nøyne og vil ha ein nær dialog med viktige aktørar med sikte på å unngå at det blir innført straffetiltak.

I det siste året har det oppstått vesentlege problem for fiskeindustrien sjølv om råstofftilgangen er tilfredsstilande. I motsetnad til den situasjonen ein hadde mot slutten av 1980-åra med ressurssvikt som bakgrunn for dårleg inntening, er den vanskelege situasjonen no knytt til prissvikt for produkta i marknaden. Eksporten av norsk fisk, og særleg torsk, er utsett for sterk konkurranse av billegare fiskeslag som hake og pollack. Den internasjonale marknaden for fisk er merkt av to hovudtrendar. På den eine sida er det ein aukande grad av globalisering av handelen med fisk, og på den andre sida er det ein aukande grad av segmentering i spesialmarknader for produkt av høg kvalitet. For norsk fiskerinæring har dette medført auka pris- og kvalitetskonkurranse i marknadene for dei tradisjonelle norske fiskeproduktua.

Dei marknadsproblema som fiskeindustrien har stått overfor siste året, har i særleg grad råka Finnmark. Ein rad bedrifter har gått konkurs eller har stoppa mottak, og den totale mottakskapasiteten er sterkt redusert. Fiskeindustrien her har ikkje åleine økonomisk ryggrad til å gjennomføre dei nødvendige tiltaka for å oppnå ei lønnsam og framtidssretta verksemد i Finnmark. På bakgrunn av dette vart det i det reviderte nasjonalbudsjettet for 1996 gjeve ei ekstraordinær løyving på 40,5 mill. kr retta mot fiskeindustrien i Finnmark. Av dette er 30,5 mill. kr sette av for å hjelpe til å få i gang investeringar

i Finnmark som er nødvendige for å møte utfordingane i framtida, oppnå rasjonell produksjon og evne til marknadstilpassing. 10 mill. kr er tilført det treårige tiltaksprogrammet retta mot fiskeindustrien i regi av SND og øyremerket tiltak i Finnmark.

St.meld. nr. 48 for 1994-95 om havbruk – ei drivkraft i norsk kystnærings – vart behandla av Stortinget i mars 1996. Det blir no arbeidd med å følge opp dei måla og tiltaka som vart fremja i meldinga. Mellom anna er arbeidet med ny næringsutvikling innanfor utstyrsindustrien og for marine arter i oppdrett sett i gang.

Det er etablert ein statleg tverrsektoriell IT-nettverksstruktur som består av tre nett: Departementsnett, som omfattar departementa, Statens sentrale informasjonsnett, som omfattar sentrale statlege instansar utanfor departementa, og Statens regionale informasjonsnett, som omfattar fylkesmannsembeta og delar av den andre regionale statsforvaltninga.

Regjeringa har oppretta ei felles elektronisk informasjonsteneste for Regjeringa og departementa, med namnet ODIN (Offentleg dokumentasjon og informasjon i Noreg). Denne tenesta er gjord tilgjengeleg på det verdsomfemnande datanettet Internett. Det er lagt vekt på at informasjonen blir lagd til rette på ein strukturert og brukarvennleg måte. Hovudformålet er meir opne forhold og betre informasjon når det gjeld offentleg forvaltning.

Regjeringa har gjeve arbeidet med å få fleire lærlinger i staten høg priorititet. Ei rad tiltak er gjennomførte, m.a. er Statens lærlingforum skipa, kontaktpersonar i departementa er peikte ut, det er arrangert konferansar, og ein har utarbeidd informasjonsmateriell og gjennomført samordna annonsering av ledige lærlingplassar. Pr. 1. september 1996 var i alt 1 080 lærlingplassar og 341 intensjonsavtaler til disposisjon i statlege verksemder.

Det er sett i gang utgreiningar for å analysere konkurransetilhøva i dei ulike ledda i matvarekjeda frå primærprodusent til forbrukar, og finne ut om det er behov for å setje i verk tiltak som kan auke effektiviteten i desse marknadene.

Prisstiginga hittil i år har vore svært låg. Konsumprisindeksen auka med 1,5 pst. frå august 1995 til august 1996. Den gjennomsnittlige veksten i konsumprisindeksen dei åtte første månadene i år er på 1,1 pst. sett i forhold til tilsvarende periode ifjor.

Som ledd i arbeidet med lønns- og inntektsoppgjera i 1996 vart det halde møte i kontaktutvalet og kontaktordninga våren 1996. Det tekniske utrekningsutvalet for inntektsoppgjera la fram rapportar i samband med lønns- og inntektsoppgjera 17. januar og 20. juni.

I lønnsoppgjera i 1996 var det etter vanleg mønster hovudrevisjon for dei fleste tariffområda. I LO/NHO-området vart oppgjeter i år gjennomført ved forbundsvise forhandlingar. I privat sektor elles har oppgjera på vanleg måte vorte gjennomførte bransjevis. I dei fleste oppgjera har partane vorte samde om nye avtaler gjennom forhandlingar og mekling. I verkstadbransjen og hotell- og restaurantverksemda var det streikar før partane vart samde om nye avtaler. Også innanfor enkelte

andre tariffområde har kampmidlar vore brukte som ledd i lønnsoppgjera.

I offentleg sektor, der oppgjera blir gjennomført sentralt, vart partane både i staten og kommunane samde om nye avtaler med verknad frå 1. mai. Ramma for oppgjaret totalt er på 3,8 pst.

I årets drøftingar om pensjonsreguleringa i folketrygda vart det 9. mai semje mellom staten og Norsk pensjonistforbund, LO og Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon om å regulere grunnbeløpet i folketrygda med 1 770 kr frå 1. mai. Grunnbeløpet er etter dette 41 000 kr. Denne auken inneber ein vekst på om lag 4 pst. frå 1995 til 1996. Trygdeoppgjaret vart vedteke av Stortinget 17. juni.

I jordbruksoppgjaret i år vart det brott i forhandlingane 8. mai, og Regjeringa la deretter fram ein proposisjon med framlegg til endra prisar og løyvingar over statsbudsjettet for 1996. Framlegga i proposisjonen følgde opp retningslinjene for landbrukspolitikken som er lagde til grunn av Stortinget. Jordbruksoppgjaret vart drøfta og vedteke av Stortinget 20. juni.

Staten og Kommunenes Sentralforbund har vorte samde med Den norske lægeforening, Norske Fysioterapeuters Forbund og Norsk Psykologforening om nye avtaler om driftstilskott og takstar for privatpraktiserande legar, fysioterapeutar og psykologar med verknad frå 1. juli 1996.

I forhandlingane med Norges Fiskarlag hausten 1995 om stønad til fiskerinæringa for 1996 vart ikkje partane samde, og Stortinget fastsette stønadsbeløpet til 70 mill. kr i samsvar med framlegget frå Regjeringa.

Det er sett ned ein kommisjon som skal greie ut den administrative stillinga til domstolane. Kommisjonen skal også vurdere prosedyrane ved dommarutnemningar og behovet for ei klage- og disciplinærordning overfor dommarane. Regjeringa har oppnemnt ein ytringsfridomskommisjon, som mellom anna skal vurdere ei styrking av grunnlovsvernet for ytringsfridommen. Eit prosjekt om organiseringa av forbrukarråda, namsmannsfunksjonen og stemnevita er sett i gang. Eit utval sett ned av Justisdepartementet har gjort framlegg om ei rekke tiltak for å styrke inndraging av utbytte frå straffbare handlingar. Undersøkings- og rapporteringsplikta ved mistanke om kvitvasking av pengar er utvida. Økokrim har også fått utvida rett til å bruke informasjon frå mellom anna bankane i etterforskinga.

Arbeidet med å forebygge kriminalitet har stått sentralt i siste perioden. Det nasjonale forebyggingsprogrammet til Regjeringa «Trygghet og nærhet i hverdagen» blir gjennomført i eit samarbeid mellom åtte departement. Tryggleik for publikum og kampen mot valdskriminalitet på offentleg stad er prioritert, mellom anna gjennom særskilde tiltak i sentrumssstrøk i dei største byane og ved at uniformert politi patruljerer på stader og til tider der det oftast skjer vald. Det er også sett i verk særskilde tiltak mot mobbing, trakkassering og vald i skolen.

Kompetansesenteret for valdsofferarbeid vart opna i januar 1996. Senteret skal drive opplysningsarbeid om

situasjonen til offera, hjelpe til med opplæring av faggrupper som kjem i kontakt med offera, gjere framlegg om verkemiddel som kan forebygge eller redusere vald og utføre forskings- og utviklingsarbeid på området. Regjeringa har vidare lagt vekt på å styrke grunn- og etterutdanninga ved Politihøgskolen når det gjeld behandling av saker som gjeld seksuelle overgrep. Det er utvikla ein spisskompetanse ved Kriminalpolitisentralen når det gjeld etterforskning av saker som gjeld seksuelle overgrep, etterretning innanfor barnepornografi og barnesexturisme.

Innsatsen mot narkotika har halde fram med auka styrke. Vi har hatt fleire og større beslag av narkotika enn nokon gong tidlegare. Regjeringa arbeider for ytterlegare å styrke og vidareutvikle samarbeidet mellom politi- og tolletaten i narkotikasaker. Innsatsen mot nye typar narkotika, som «designar-drugs», har vore prioritert. Det synest så langt å ha gjeve gode resultat og vore med på å hindre sprenging av misbruket.

På bakgrunn av framlegg frå Regjeringa vedtok Stortinget i juni 1996 at det skulle setjast i verk ei forsøksordning med utvida mekling i sivile rettsaker, såkalla rettsmekling. Det vil gjere det mogleg å få avslutta ei sak med forlik på eit tidlegare tidspunkt og inneber ei effektivisering av saksførebuinga. Forsøksordninga vil bli sett i verk om kort tid.

Kuldeproblema på Austlandet og flaumfareni Nord-Noreg vinteren og våren 1996 har streka under kor viktig det er med gode varslingsrutinar, samtidig som ein har fått stadfest den sentrale rolla kommunane spelar i krisesituasjonar i fredstid. Dette var viktige element i stortingsmeldinga om flaumen på Austlandet 1995, som Stortinget slutta seg til under drøftinga våren 1996.

Det er sett i gang ei toårig prøveordning som går ut på at promillekjørarar, som tidlegare vart dømde til fengsel utan vilkår, no kan dømmast til bot og vilkårsdom med promilleprogram som særvilkår. Programmet blir administrert av Kriminalomsorg i fridom og femner om undervisning, behandling, tilsyn og kontroll. Ordninga blir brukt overfor personar med alkoholproblem, og har som formål å gjere dei meir medvitne og sosialt ansvarlege, og med det motverke promillekjøring, minskje talet på trafikkulykker og skape eit tryggare trafikkmiljø.

Ei tverrfagleg arbeidsgruppe har utarbeidd ein rapport med framlegg til ulike tiltak for å redusere talet på påsette brannar og auke oppklaringsprosenten.

Det er vedteke lovendringer om klagerett over påtallevetdak, og det tverretatlege samarbeidet er styrkt.

Regeringa har gjennomført ei effektivisering av verkemiddelbruken innanfor bustadpolitikken. Rentefastsettjinga i Husbanken er lagd om slik at banken kan tilby svært gunstige rentevilkår for bustadfinansiering, og dei statlege løyvingane har vorte endå meir målretta mot vanskelegstilte og mot bustadkvalitet og byfornying.

Det er vedteke omfattande endringer i plan- og bygningslova. Dei nye reglane om saksbehandling, ansvar og kontroll vil få mykje å seie og gjere sitt til å auke kvaliteten i byggjeverksemda.

Regjeringa har lagt fram proposisjonar om endringar i kommunelova og om tilpassing av særlovgjevinga til kommunelova. Stortinget har vedteke eit opplegg for eit nytt inntektssystem.

Også 1995 var eit bra år for kommunesektoren, med eit overskott før lånetransaksjonar på om lag 500 mill. kr. Utviklinga dei siste åra har ført til at netto gjeld i sektoren, rekna som del av faste inntekter i alt, er vorten monaleg redusert. Denne delen utgjer no om lag 30 pst. og er no nær det nivået han var på før gjelda i sektoren tok til å stige, midt i 1980-åra.

Inntektene i kommunesektoren har vakse monaleg dei siste åra, også når ein tek omsyn til nye oppgåver som sektoren er tilført. For 1996 er det i det reviderte nasjonalbudsjettet rekna med ein reell auke i inntektene i kommunesektoren på 1/2 pst.

Investeringane i skolesektoren er venta å ta seg sterkt opp i 1996 som følge av grunnskolereforma. I det reviderte nasjonalbudsjettet vart det lagt til grunn ein samla reell auke i bruttoinvesteringane i kommunesektoren på 15 pst. frå 1995 til 1996. Ut frå dette ventar ein at kommunesektoren på nytt vil få eit underskott før lånetransaksjonar. Dette må ein likevel sjå i samanheng med at utgifter til investeringar i samband med grunnskolerreforma vil bli kompenserte gjennom statlege løyingar fordelt over fleire år.

Det er sett ned ei styringsgruppe, leidd av statsministeren og med representantar frå Regjeringa, Sametinget og dei nordnorske fylka, som skal arbeide for å legge tilhøva til rette for auka verdiskaping og sysselsetjing i Nord-Noreg. I samarbeid med regionale aktørar er det peikt ut fire område som ein særleg vil konsentrere seg om: fiskeri/havbruk, energi/industri, landbruk/reindrift og reiseliv. Innspel frå næringslivet til arbeidet så langt vart presentert og diskutert på ein næringskonferanse i Tromsø 20. september i år.

Gjennom holdningskampanjen «Etableringer gir vekst for alle» har Kommunal- og arbeidsdepartementet i haust sett sokjelyset på den rolla kommunane har i arbeidet med nyskaping. Målet med kampanjen er at kommunane skal gje nyetableringar høgare prioritet i næringsarbeidet og yte betre service overfor nyetablerane. Mellom anna med tema- og faghefte, fagseminar og konferansar fokuserer kampanjen på verdien av nyetableringar for eit levedyktig lokalsamfunn og næringsliv.

Reforma om miljøvern i kommunane (MIK) blir avslutta. Samhandlinga med kommunesektoren om lokale tiltak og planar for eit betre miljø inn i det 21. hundreåret blir ført vidare gjennom eit eige program kalla Lokal agenda 21. Programmet LA 21 er ein del av eit internasjonalt arbeid der ein har følgt opp FN-konferansen om miljø og tryggleik i Rio 1992.

I 1996 begynte bygginga av eit senter i Tromsø for miljø og samarbeid i polarområda og Barentsregionen. I tilknyting til senteret, som skal stå ferdig sommaren 1998, blir publikumsatraksjonen «Polaria» bygd.

For å følge opp stortingsmeldinga om miljøvern på Svalbard vil det i 1996 bli sett ned eit lovutval som skal

utarbeide framlegg til ny miljøvernlov. Det er skipa ei eiga miljøvernavdeling hos sysselmannen, og Direktoratet for naturforvaltning og Statens foreiningstilsyn har fått forvaltningsansvar på øygruppa. Det er fastsett ny viltforskrift som har til formål å ta vare på kvaliteten på villmarksnaturen på Svalbard.

Noreg fastsette tidleg nasjonale utfasingsmål for dei ozonreduserande stoffa, og har oppfylt dei internasjonale forpliktingane på området med god margin. Med unntak av stoffa hydroklorfluorkarbon (HKFK) og methylbromid er forbruket av alle ozonreduserande stoff stansa i Noreg. I 1996 sende miljøvernstyresmaktene framlegg til forskrifter for desse to stoffa og for hydrobromfluorkarbon (HBFK) på høyring. Ein tek sikte på at HBFK-forskriftene blir gjorde gjeldande i 1996, medan forskriftene for HKFK og methylbromid tek til å gjelde første halvår 1997. Då vil alle ozonreduserande stoff vere regulerte i Noreg.

13 norske bedrifter er hittil med i ei frivillig miljøstyrings- og miljørevisjonsordning. Ordninga er ei gjennomføring av EU-forordninga Eco-Management and Audit Scheme (EMAS). Hovudformålet er å sikre at lovfesta miljøkrav blir overholdne, og fremje kontinuerleg forbetring av miljøinnsatsen i industrien. EMAS-registrerte bedrifter har plikt på seg til å veda ein miljøpolitikk, jamleg vurdere miljøarbeidet sitt og offentleggjere relevant miljøinformasjon.

Det er gjort avtaler mellom Miljøverndepartementet og næringslivet om reduksjon, innsamling og gjenvinning av emballasjeavfall av plast, metall, brunt papir, kartong og drikkekartong og glas.

For å stimulere til å få fjerna dei eldre og mest trakkfarlege og forureinande bilane blir det i 1996 gjennomført ei ordning med mellombels høgare vrakpant på bilar som er eldre enn 10 år. Det har ført til svært stor innlevering av bilvrak samanlikna med tidlegare år.

Stortinget har i 1996 drøfta stortingsmeldinga om opptrapping av barskogvernet. Den utvidinga på 120 km² produktiv barskog det er gjort framlegg om, vil saman med den tidlegare vedtekne ramma på 295 km² seie at Noreg fram mot år 2000 vernar 1,06 pst. av den produktive barskogen i landet.

Det er vedteke lov om statleg natuoppsyn, og oppsynet vil bli oppretta i 1996. Endringar i friluftslova er vedtekne. Lova er modernisert og større avgjerdsmakt er lagd til kommunane. Arbeidet med å opprette skjergardspark i Søgne og Mandal er sett i gang med sikte på gjennomføring i 1997–98.

Foreldrepermisjonen er utvida ved adopsjon, fleirbarnsfødlar og fleirbarnsadopsjonar. Tidskontordninga er utvida slik at sjølvstendig næringsdrivande, oppdragstakrar og frilansarar no har same rett til feksibelt uttak av fødselspermisjonen som arbeidstakrar. Det er gjennomført ei særskild satsing på familiebarnehagar både kvalitativt og kvantitativt. Talet på barn i familiebarnehagar auka i 1995 med nær 2 000 eller 16 pst. frå året før.

Ny lov om barnehagar, med forskrifter, tok til å gjelde frå 1. januar 1996. Som forskrift til lava er ramme-

plan for barnehagen innført frå same tidspunktet. Alle kommunar har fått informasjon om det nye regelverket og rammeplanen.

Det kjem kvart år mange meldingar til barnevernet som gjev uttrykk for uro for lagnaden til enkeltbarn. Talet på barn som får hjelp medan dei bur heime, er framleis stigande. Rundt 17 000 får slik hjelp, medan talet på barn som er under omsorg av barnevernet, viser ein svak nedgang og er no på om lag 5 000.

Det er eit omfattande arbeid i gang for å betre kontakten mellom barnevernet og befolkninga og mellom barnevernet og pressa, slik at vi kan få eit barnevern som folk i endå større grad har tillit til, og som dei stoler på tek dei rette avgjerdene.

Departementet er i gang med å evaluere den nye lova om barnevernstestester. Det er lagt opp til eit koordinert forskingsprogram gjennom Noregs forskingsråd, der kompetansesentra innan barnevernet og ulike forskingsinstitutt blir dregne inn.

Stortinget gav samtykke til ratifikasjon av Haagkonvensjonen om vern av barn og samarbeid ved internasjonale adopsjonar i juni 1996.

Stortinget vedtok i desember 1995 endringar i lov om merking av forbruksvarer (merkelova). Lova er utvida til også å gjelde varer som ikkje er forbruksvarer, og varer som blir omsette ved leige. Vidare kan ein no med heimel i lova krevje merking som gjev opplysning om energi- og ressursbruk ved vara, og om verknaden ho har på miljøet.

På området forbrukarsikring er det utarbeidd forskrifter om sikring av leiketøy og leikeplassutstyr, og om krav til fritidsfartøy.

Regjeringa gjorde framlegg for Stortinget i juni 1996 om endringar i marknadsføringslova om skjerping av reglane som forbyr kjønnsdiskriminerande reklame, og vidare uetisk reklame og misbruk av miljøargument i marknadsføringa.

Sjukefråveret held fram med å auke i 1996. Det har vore ein mindre auke i talet på uførepensionistar, medan talet på einslege forsørgjarar som tek imot full overgangsstønad, går noko ned. Det er i 1995 og 1996 sett av midlar til forsøksverksemd der trygdeetaten og partane i næringslivet samarbeider om tiltak for å få ned sjukefråveret. Målgruppa er personar med høgt sjukefråver, mellom anna personar med muskel- og skjelettlidningar.

Statleg senter for tekniske hjelpemiddel og tilrettelegging av miljø for funksjonshemma er sett i gang som eit fireårig prosjekt. Senteret skal spreie kunnskap om tekniske hjelpemiddel og tilrettelegging av miljøet, slik at også menneske med ulike funksjonshemminger kan fungere i det.

Senteret skal også ta seg av oppgåver i høve til informasjonssteknologi (IT) for funksjonshemma.

Yrkesskadeforsikringsordninga og refusjonsordninga for utgifter i folketrygda har vorte evaluerte. Partane i arbeidslivet, aktuelle etatar og fleire departement samarbeider om å løyse ulike problem som har oppstått i innkjøringsfasen. Statistikken viser at talet på arbeidslykker har gått ned dei siste åra.

I 1996 er det løyvt auka statlege midlar for å styrke dei kommunale pleie- og omsorgstenestene for eldre og funksjonshemma. Det er lagt særleg vekt på å styrke dei døgnbaserte heimetenestene. Det er viktig for at fleire eldre og funksjonshemma som treng pleie og omsorg, skal kunne bu heime eller i bustader som er særskilt tilrettelagde.

Stortinget vedtok i juni 1996 lov om rettar for avgrensing av og kontroll med bruk av tvang, makt m.m. overfor enkelte personar med psykisk utviklingshemming.

Statlege stimuleringstilskott til 97 kommunar har ført til at i alt 119 sterkt funksjonshemma har fått personlege assistenter til hjelp i daglelivet. Det er gledeleg å sjå at ytterlegare 35 kommunar har valt denne ordninga for sterkt funksjonshemma uavhengig av stimuleringstilskott. Som ein del av kunnskapsutviklinga om levekår for funksjonshemma er søkjelyset også retta mot kvinner med funksjonshemming og deira situasjon i høve til likestillingsspolitikken.

Eineretten som A/S Vinmonopolet har hatt til import, eksport og engrossal av vin og brennevin, vart frå 1. januar 1996 erstatta av ei bevillingsordning for engrossal av alkoholhaldig drikk. Detaljmonopolet er vidareført, og det vil framleis vere eit sentralt alkoholpolitiske verkemiddel.

Det er sett ned eit eige utval for å utarbeide retningslinjer for prioriteringar innanfor helsestellet. Første del-innstillinga vil ligge føre ved årsskiftet 1996/97 og endleg innstilling i juni 1997. På legemiddelfeltet er det sett ned to utval. Omsetningsutvalet ser på rammevilkåra for omsetningsledda, medan blåreseptutvalet vurderer prinsippa for trygderefusjon av legemiddel. Begge utvala vil komme med tilrådingar ved årsskiftet 1996/97. 1. januar 1996 tok dei nye endringane i tobakkskadelova til å gjelde. Aldersgrensa for kjøp og sal av tobakksvarer vart heva frå 16 til 18 år. Totalt røykjeforbod i restaurantar og andre serveringsstader som er opne ut mot lokale som blir brukte til andre formål, er innført for å avgrense passiv røyking. Forboden mot indirekte reklame for tobakksvarer vart også innskjerpa.

Forskrift om miljøretta helsevern i skolar og barnehagar tok til å gjelde 1. januar 1996. Forskrifta gjev viktige retningslinjer for korleis skolar og barnehagar skal fremje helse, trivsel og gode sosiale og miljømessige forhold.

St.meld. nr. 16 om røynsler med lov om svangerskapsavbrott o.a. vart lagd fram og drøfta i Stortinget. Masseundersøkingar av brystkreft ved mammografi vart sett i gang i fire fylke i 1996.

Ei folkehelsepolitisk utgreiing og ein faktarapport om helsetilstanden blant folk vart lagde fram for Stortinget i april 1996. Blant formåla med rapporten er å få fram ulikskapar i helse og velferd mellom ulike grupper, og vise endringar over tid. Det vart også gjeve ein analyse og prognose over utviklinga på hovudsatsingsområda i folkehelsearbeidet. Rapporten dokumenterer at det ikkje har funne stad store endringar i folkehelsa dei siste 10–20 åra. Sjølv om nokre grupper over tid har komme bet-

re ut enn andre, er hovudbiletet prega av stabilitet, både med omsyn til funksjonsevne og sjukdomsmønster blant folk.

Stortinget vedtok våren 1996 ny lov om Den norske kyrkja, ny gravferdslov og ny lov om Opplysningsvesnets fond. Den nye kyrkjelova tok delvis til å gjelde fra 1. juli, og fra årsskiftet vil alle tre lovene gjelde fullt ut. Dei nye lovene er eit resultat av arbeidet med kyrklelege reformer, og vil føre til at valde organ i Den norske kyrkja sentralt, regionalt og lokalt har fått større avgjerdsmakt i høve til både stat og kommune.

Regjeringa har fastsett ny læreplan for grunnskolen. Læreplanen legg vekt på å styrke einskapsskolen gjennom eit felles forpliktande grunnlag for opplæringa. Samtidig legg han til rette for tilpassing til lokale og individuelle føresetnader og behov. Arbeidet med å ferdigstille læremiddel som er tilpassa den nye læreplanen, er i gang.

Det er fremja ei stortingsmelding om elevvurdering, skolebasert vurdering og eit nasjonalt vurderingssystem.

Skolefritidsordninga er etablert i 85 pst. av kommunane, og om lag 72 000 barn i alderen 6–9 år gjer bruk av tilbodet.

I samband med grunnskolereforma er det gjort nødvendige lovendringer i grunnskolelova og lærarutdanningslova. Innstillinga frå opplæringslovtvalet om ei revisert og samla lovgjeving for grunnskolen og vidaregåande opplæring har vore på ei brei høyring.

Hausten 1996 er det oppretta 2 372 nye studieplassar innanfor universitet og høgskolar. Det har gjort det mogleg å vidareføre den nasjonale opninga av historisk-filosofiske, matematisk-naturvitenskaplege og samfunnsvitenskaplege fag. Det er vedteke at den nasjonale opninga av desse faga frå hausten 1996 også skal gjelde dei høgskolane som tilbyr desse faga. Kapasitetsauken kjem som eit resultat av mellom anna satsinga på prioriterte utdanninger som helse- og sosialfag og allmenn- og forskolaelærarutdanning.

Arbeidet med organisasjonsstrukturen innanfor høgare utdanning er i ferd med å bli sluttført. Universitetet i Trondheim vart omorganisert til Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet 1. januar 1996. I Oslo og Bergen er respektive fem og to høgskolar for kunstdannning samorganisert i to nye kunsthøgskolar frå 1. august 1996. Vidare vedtok Stortinget i vårsesjonen at Noregs landbrukshøgskole og Noregs veterinærhøgskole skal overførast frå Landbruksdepartementet til Kyrke-, utdannings- og forskingsdepartementet frå 1. januar 1997. Ny lov om universitet og høgskolar tok til å gjelde 1. januar 1996. Ny lov om studentsamskipnader tok til å gjelde 1. august 1996. Eit offentleg utval har greidd ut om ny struktur og nytt innhald i lærarutdanningane.

Utdanningsfinansieringa er styrkt. Stipenddelen for studentar er no 26 pst. Renta på studielån er sett ned til 6 pst. for nye og 6,5 pst. for eldre lån.

Arbeidet med å gjennomgå, vurdere og leggje til rette eit opplæringsstilbod for vaksne er sett i gang. Det er sett i gang eit nytt og meir tverrsektorelt program for utdanningsforskning under Noregs forskingsråd.

Det blir arbeidd med å styrke bruken av informasjonsteknologi som fagleg og pedagogisk verktøy i alle delar av utdanningssektoren. Den nye planen for informasjonsteknologi i utdanninga er inne i sitt første år. Interessa for å arbeide med utviklingsprosjekt og vinne ny innsikt og erfaring er stor i grunnskolen, i vidaregåande opplæring, ved høgskolar og universitet og innanfor vaksenopplæring og fjernundervisning.

Den overordna strategien til Noregs forskingsråd vart fastlagd i 1996, etter ein omfattande høyringsprosess. Planen gjev ei ramme for prioriteringane til Forskningsrådet og inneheld samtidig tilrådingar til departementa og forskingsmiljøa.

603 personar tok doktorgraden ved norske universitet og høgskolar i 1995. Det er vel 9 pst. fleire enn i 1994, då i alt 551 disputerte. Talet på disputasar pr. år har auka jamt dei siste ti åra og er nærmare tredobla i denne perioden. Regjeringa meiner framleis det er viktig å betre kvaliteten og gjennomstrøyminga i forskarutdanninga.

Regjeringa har lagt stor vekt på å få til ei meir effektiv organisering av instituttsektoren. Den 1. juli 1996 gjekk Institutt for sosialforskning, Norsk gerontologisk institutt, Barnevernets utviklingssenter og Program for ungdomsforskning saman i det nye Norsk institutt for forsking om oppvekst, velferd og aldring (NOVA). Det er vedteke å kanaliserere basisløyvingane til dei utanriks-politiske instituttene via Noregs forskingsråd, og det er sett av midlar til å fremje samarbeidet mellom desse miljøa.

Regjeringa har gjennomført den nye ansvarsdelinga mellom forvaltningsnivåa som Stortinget la til grunn ved handsaminga av Kulturmeldinga. Kontakten mellom Kulturdepartementet og institusjonene er styrkt, og det er nyoppnemt statlege styremedlemmer for i alt 40 kulturinstitusjonar.

Det er vedteke å samlokalisere dei tre riksinstitusjonane Riksteatret, Rikskonsertane og Riksutstillingar som eit ledd i at Regjeringa satsar på auka kunstformidling med barn og unge som viktigaste målgruppe. Samlokaliseringa vil gje betre utnytting av fellesfunksjonar, auka samarbeid og standardheving, kunstnarleg så vel som teknisk. Nye lokale på Nedre Foss i Oslo skal etter planen vere innflyttingsklare i 1999.

Riksutstillingar er ein ny statsinstitusjon, som er oppretta ved vedtak i Stortinget 19. desember 1995. Institusjonen blir skild ut frå Museet for samtidskunst hausten 1996 og flytter inn i mellombels lokale på Nedre Foss. Institusjonen spelar ei sentral rolle i iverksetjinga av den nasjonale planen for formidling av biletkunst og kunsthandverk. Formålet med Riksutstillingar er å skape interesse for biletkunst, kunsthandverk, fotografi og andre visuelle uttrykksformer, først og fremst ved formidling av utstillingar til heile landet.

I år er det hundre år sidan Ivar Aasen døydde. Dette er vorte markert med ei rekke utstillingar, foredrag og andre tilstellingar. I samband med «Dei nynorske festspela» vart grunnen til nybygget ved den nasjonale institusjonen i Ivar Aasen-tunet i Hovdebygda lagd ned. Nybygget skal romme dokumentasjonssenter, utstilling-

gar, foredragssal og anna som kan synleggjere språket og livsgjerninga til Ivar Aasen.

I 1996 er det løyvt midlar til Norsk kulturråd til opprettning av ei selektiv innkjøpsordning for nye norske fagbøker for barn og unge. Den nye innkjøpsordninga skal hjelpe til å få fram norskproduserte fagbøker for denne aldersgruppa.

Ei interdepartemental estetikkgruppe har behandla ei rekke saker siste året. Det er utarbeidd ei handbok for å sikre god kvalitet på statlege bygge- og anleggsarbeid. Rettleatingsheftet «Estetikk i statlege bygg og anlegg» er sendt ut til alle statlege byggherrar. Det er halde seminar om arkitekturen i staten, og ei eiga gruppe har vurdert gjeldande ordningar for kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg og anlegg.

Det at Stortinget har godkjent at proposisjonen om utviding av EØS-avtala også skal gjelde kultur, har opena for norsk deltaking i kulturprogram og kulturprosjekt i EU.

Som eit ledd i å styrke allmennkringkastinga er Norsk riksringkasting omorganisert frå stiftelse til statsaksjeselskap. I tillegg er det oppretta ein tilleggskanal for NRK-fjernsynet. Det er også skipa eit eige selskap eigd av Norsk riksringkasting AS og Telenor AS som skal stå for drift og anlegg av kringkastingssendarar og overføringslinjer.

Ved årsskiftet 1995/96 vart Filmens Hus i Oslo teke i bruk. Alle statlege filminstitusjonar held no til i Filmens Hus saman med ei rad private organisasjonar og institusjonar på filmfeltet. Samlokaliseringa har gjeve grunnlag for ei meir effektiv ressursutnytting, samtidig som det er skapt grobotn for eit godt filmfagleg miljø. Det er oppnemnt eit allmennkringkastingsråd. Rådet har som oppgåve å vurdere om programverksemda i NRK, TV2 og P4 Radio Heile Noreg er i samsvar med prinsippa for allmennkringkasting slik dei står fram i konsejonsvilkåra for TV2 og P4 og i dei overordna målsettjingane som Stortinget har lagt til grunn for verksemda i NRK.

På nærringkastingssektoren er det i samsvar med dei føresetnadene Stortinget sette, gjennomført strukturendringar. Mellom anna er konsejonsområda endra. Alle nye konsejonar vil venteleg vere tildelte innan utgangen av året.

Regjeringa vil følgje opp det medieetiske arbeidet. Eit utval som har vurdert om det skal opprettast eit medieombod, har lagt fram innstilling. Organiseringa av det medieetiske arbeidet vil bli vurdert mellom anna i lys av denne innstillinga.

Regjeringa vil komme med framlegg til lov om eigarskap i media, som fører til at det vil bli skipa eit tilsynsorgan med fullmakt til å gripe inn mot eigarkonsentrasjon som trugar ytringsfridomen, informasjonsfridomen og mangfoldet i media. Regjeringa vil også legge fram forslag om ei lovfesting av prinsippa i Redaktørplakaten og ei lovfesta plikt til å informere om eigarforholdet i det enkelte medium.

Etter initiativ frå den norske og danske statsministren har det vore mogleg for nordmenn som er knytte til

kabelanlegg, sidan vinteren 1995 å sjå dei danske fjernsynskanalane Danmarks Radio og TV2. Om lag 15 000 husstandar abonnerer i dag på danske kanalar.

Avgjørelsen til idrettsformål i 1996 på til saman 590 mill. kr, er det sett av 338,2 mill. kr til idrettsanlegg, 231,4 mill. kr til Norges Idrettsforbund og 20,4 mill. kr til andre idrettsformål.

Avgjørelsen til idrettsanlegg vart den største delen, 270 mill. kr, sett av til anlegg i kommunane, 8,5 mill. kr til anlegg for friluftsliv i fjellet og 39,7 mill. kr til spesielle anlegg, her medrekna idrettshall på Svalbard, ny idretts- og symjehall på Beitostølen og idrettsanlegg ved Universitetet i Oslo. 20 mill. kr vart sett av til framtidige nasjonalanlegg.

Utover det ordinære tilskottet til Norges Idrettsforbund på 195,9 mill. kr, vart det sett av midlar til OL-deltaking, og til diverse øyremerkte tiltak til m.a. barn, ungdom og kvinner og til antidopingarbeid.

Idet ein viser til at idretten kan spele ei viktig rolle som integrerande faktor i det fleirkulturelle samfunnet, har Kulturdepartementet stilt midlar til storbytiltak til disposisjon til idrettsaktivitetar med sikte på at idrettsorganisasjonane skal leggje til rette tiltak for innvandrarrar.

Presidenten mottok på Stortings vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Deres Majesteter! Det 141. Storting som Deres Majestet i dag har åpnet, går til sin ansvarsfulle gjerning i en tid som fortsatt er preget av ufred og splittelse i enkelte deler av verden.

Tilstanden på Balkan gir grunn for forsiktig optimisme, men den siste tids hendelser i Midtøsten fyller oss alle med dyp uro og engstelse.

I min tale under Stortings åpning i fjor uttalte jeg at kampen for fred stadig må vinnes, og at kampen neppe vil lykkes så lenge mennesker lever under uverdige forhold. Også i år finner jeg grunn til å fremheve dette. Alle nasjoner har en klar moralisk forpliktelse til å bidra etter beste evne i denne sammenheng. Det er derfor gledelig, Deres Majestet, at det i trontalen gis uttrykk for at vern og fremme av demokrati og menneskerettigheter og styrking av FNs arbeid for fred, miljø og utvikling vil stå sentralt i Norges samlede internasjonale engasjement.

På vår hjemlige arena har vi mye å glede oss over. Norsk økonomi står sterkt, produksjonen øker, og vi ser en gledelig nedgang i arbeidsledigheten. Som ansvarlige forvaltere av fellesskapets interesser kan vi imidlertid ikke slå oss til ro med at *den jobben* er ferdiggjort. Ingen skal heller på grunn av sin bakgrunn bli utestengt fra deltagelse i samfunnslivet.

Trontalen bærer videre bud om en rekke store oppgaver som må gis høy priorititet.

Utdanning, helsetjenester, energiøkonomisering og miljøvern vil måtte stå sentralt i vårt arbeid også i det kommende år. Det samme gjelder arbeidet med å opprettholde bosetting i alle deler av landet. Kampen mot

narkotika, vold og overgrep skal fortsette med økt styrke.

I en del av sakene vil det selvsagt herske forskjellige oppfatninger blant representantene. Jeg er likevel sikker på at hver enkelt av oss vil ha folks beste for øye. Derfor vil vi bestrebe oss på at våre beslutninger er basert på innsikt og grundig forarbeid. Vi vil også søke å gi vårt bidrag til beste for mennesker i de deler av verden der ufred, undertrykkelse og nød hersker.

Jeg finner det ellers på sin plass å nevne, Deres Majestet, at Stortinget, med virkning fra inneværende sesjons begynnelse, har vedtatt å prøve ut enkelte nye former for spørsmål fra representantene til Regjeringens medlemmer. Det vil for det første bli adgang til å stille spørsmål til skriftlig besvarelse. Videre blir det åpnet adgang til å stille spontane, muntlige spørsmål til Regjeringens medlemmer.

I løpet av vårsesjonen vil Stortinget også drøfte eventuelle reformer i Regjeringens og Stortings budsjettbehandling med bakgrunn i en utredning som vil bli lagt fram.

Det er vårt håp at disse reformene vil bidra til å vitalisere og videreutvikle den kommunikasjon som i et

parlamentarisk demokrati bør bestå mellom storting og regjering.

Stortingets gjerning er ansvarsfull, og folkets representanter deler alle det håp at denne gjerning må bli til gagn for folk og land.

I forvissning om at Stortinget og hver enkelt representant vil gjøre sitt ytterste for å løse de mange og store oppgaver som ligger foran oss, samler vi oss i det gamle ønske:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Stortingets øvrige medlemmer istemte dette ønske, og alle de tilstedevarende sang deretter første vers av fedrelandssangen, «Ja, vi elsker».

Hans Majestet Kongen og Hennes Majestet Dronningen med følge forlot deretter stortingssalen, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

Presidenten: Presidenten vil foreslå at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrke utlegges for å behandles i et senere møte – og anser det for vedtatt.

Møtet hevet kl. 13.45.
